

Sogn og Fjordane fylkesbibliotek - Årsmelding 2006

Fylkesbiblioteket er eit service og utviklingsorgan for biblioteksektoren i fylket og skal vere eit kompetansesenter innan bibliotekområdet. Fylkesbiblioteket samarbeider med kommunane om mobil bibliotekteneste og gir folkebiblioteka i fylket råd og rettleiing, deltar i utviklingsprosjekt og arrangerar kurs og møte for bibliotektilsette.

Fylkesbiblioteket har som mål bl.a. å

- sikre at alle innbyggjarane i fylket har tilgang til gode bibliotektenester
- auke leselyst og -dugleik, særleg hos barn og unge
- vere eit serviceorgan for biblioteka i fylket, og medverke til å heve kvalitetsnivået på biblioteka og bibliotektenestene

- Sikre at alle innbyggjarane i fylket har tilgang til gode bibliotektenester

Bokbussen

Bokbussen vert framleis berre brukt av 5 kommunar. Ein av kommunane, Bremanger, har berre eitt bokbusstopp, men dette er også eit svært godt stopp med ivrige lånarar som låner veldig mykje. Svært mange av bokbusstoppa er på skular. Det siste året har bokbussen vore på 11 skular åtte gonger. I tillegg stoppar bokbussen ved fleire barnehagar, og mange av skulane vi besøker har også barnehage på område. Nokre få bokbusstopp er ikkje på skular. Bokbussen har ledig kapasitet, men dessverre er det få kommunar som prioriterer å gi grendeskulane tilbod om bokbuss.

Utlånet på bokbussen er no hovudsakleg til barn og ungdom, meir enn $\frac{3}{4}$ av utlånet er barne- og ungdomsbøker. Det totale utlånet i 2006 var 7430 einingar. For det meste bøker, men også lydbøker og musikk-CD'ar. Utlånet på bokbussen er 24% lågare i 2006 enn i 2005. Dette skuldast at Stryn framleis brukte bokbussen første halvår i 2005.

Dei fleste av skulane vi stopper ved, er aktive og låner mykje bøker. Vi ser tydeleg at det er meir fokus på lesing på skulane i dag pga satsinga "Gje rom for lesing". På ein av dei skulane dei låner mest bøker låner dei nesten 10 bøker per elev i året.

Bokbåten Epos

Fylkesbiblioteket samarbeider om bokbåten med Hordaland og Møre og Romsdal, og 13 kommunar i Sogn og Fjordane. Bokbåten køyrt som vanleg 2 turar, ein om vinteren og ein om hausten.

I Sogn og Fjordane var 2 065 personar ombord, og av desse var det 1 546 personar som fekk med seg kulturprogramma. Det vart lånt ut 17 704 bøker og lydbøker frå bokbåten, vel halvparten var barnebøker.

På vinterturen i februar/mars vitja bokbåten 40 stader, og 30 av desse fekk tilbod om kulturprogrammet "Berta Ert – en ertesang" med Inger Bakke. 840 personar såg forestillinga. På haustturen (oktober/november) vitja bokbåten 34 stader, og 26 av desse fekk tilbod om kulturprogrammet "Urokråka" med AbrakadabraTeatret. 706 personar var på forestillingane. Kulturprogramma blir arrangert i samarbeid med Sogn og Fjordane folkeakademi.

Fjernlån

Fylkesbiblioteket ar ansvarleg for å organisere fjernlånssamarbeidet i fylket, og hjelper biblioteka med å få tak i bøker og andre media dei sjølv ikke har i samlingane. Fjernlånsavdelinga mottok 4 277 tingningar i 2006, og fylkesbiblioteket lånte tilsaman ut 4 200 media til andre bibliotek.

- Auke leselyst og –dugleik, særleg hos barn og unge

Forfattarturnear

Forfattarar som besøker klassar og fortel om det å skrive og om bøkene sine er eit av dei viktigaste tiltaka vi har på fylkesbibliotek for å auke interessa for lesing. Kommunane mottek ein del midlar frå staten kvart år for å arrangere kulturopplevelsingar lokalt. Fylkesleddet av Den kulturelle skulesekken tilbyr ikkje forfattarbesøk til skulane. Derfor har fylkesbiblioteket, i samarbeid med Norsk forfattersentrum og Folkeakademiet i fylket, eit tilbod som grunnskulane kan nyte seg av. Å arrangere turnear for forfattarar vil for dei fleste kommunar bli for tungvint og dyrt.

I 2006 hadde vi to forfattarar på turne ute på skulane i til saman to veker, til saman 465 elevar på 20 ulike skular fekk møte ein sprell levande, spennande forfattar.

Skuleåret 06/07 vert til saman seks forfattarar på turne i til saman seks veker.

Formidling til ungdom

I november var fylkesbiblioteket ansvarleg for eit litteraturformidlingsopplegg for elevane ved Sunnfjord folkehøgskule. Ein person frå fylkesbiblioteket saman med ei frå Førde bibliotek var på skulen og orienterte om tilboda til folkebiblioteket. Etterpå var det bokprat, der til saman ni bøker blei formidla til elevane ved å fortelje om forfattarane og bøkene, høgtlesing og musikk. Elevane kunne etterpå låne med seg bøker. Om lag 40 elevar og lærarar deltok. Målet for lesestimuleringsstiltaket var å spreie lesegled, og inntrykket vårt er at formidlingstiltaket blei vellukka.

Klassesett

Fylkesbiblioteket låner ut klassesett til grunnskular og vidaregåande skular for å støtte skulane i arbeidet med å auke lesedugleik og lesegled hos elevane. I 2006 lånte fylkesbiblioteket ut 3576 bøker og lydbøker som klassesett til skulane i fylket. Det er ein auke på heile 25% frå året før.

Forum for leselyst

Vi har danna eit forum for å sikre samarbeid og kommunikasjon mellom dei som er sentrale i arbeidet med å auke leselysten og lesedugleiken til barn og unge i fylket vårt. I forumet møtest representantar frå utdanningsavdelinga hos fylkesmannen, DKS-ansvarleg, fylkesbiblioteket, opplæringsavdelinga og representantar frå skule og bibliotek. Det er eit nytig samarbeid som bl.a. førte til ein svært vellukka konferanse i Førde i september.

Skulestova.no

Som ein av arbeidspakkane i Kulturnett-prosjektet i fylket, skal det i løpet av 2007 kome ein nettstad, skulestova.no, for å samle og formidle gode nettressurser for skulane på kulturområdet.

Fylkesbiblioteket er med og utviklar sida. Skulestova.no vil bli ein måte for oss å nå elevar og lærarar med gode tiltak for å auke leselyst og kjennskap til gode bibliotekressursar.

- Vere eit serviceorgan for biblioteka i fylket, og medverke til å heve kvalitetsnivået på biblioteka og bibliotektenestene

Biblioteksamarbeid i indre Sunnfjord

Fylkesbiblioteket har vore koordinator for eit samarbeidsprosjekt mellom fylkesbiblioteket og folkebiblioteka i Førde, Naustdal, Jølster og Gauldal. Utgangspunktet for samarbeidet er at biblioteka har gått saman om felles datasystem og base. Det er fleire målsetjingar i dette prosjektet: Biblioteka skal få registrert materialet sitt i ein base som er tilgjengeleg for søk på internett og med tilhøyrande publikumstenester, alle biblioteka skal få databasert utlån og brukarane skal oppfatte dei samarbeidande biblioteka som eitt felles bibliotektilbod med fritt lån mellom alle avdelingar. Også viktig er det at bibliotekpersonalet skal få eit fagleg samarbeid og fellesskap, og etter kvart kan utvide samarbeidet mellom biblioteka til fleire områder enn database og utlån.

I 2006 har Naustdal fått maskinelt konvertert inn mediabasen sin i basen til fylkesbiblioteket/Førde bibliotek, og Gauldal og Jølster har manuelt lagt inn mykje av samlingane sine. Ein har fått i gang ei

transportordning mellom biblioteka - lånarane kan få tilsendt bøker frå dei andre biblioteka til det biblioteket dei ynskjer, og også tilbakelevere lån på kva som helst av dei samarbeidande biblioteka.

Bibliotekplan for vidaregåande skule

I 2006 blei bibliotekplanen for dei vidaregåande skulane revidert, og ”Utviklingsplan for biblioteka i vidaregåande skular i Sogn og Fjordane, 2007-2010” blei lagt fram i august. I utvalet som utarbeidde planen var representantar frå skulane (fagtilsette, leiing og bibliotekarar), frå opplæringsavdelinga og fylkesbiblioteket. Planen fokuserer mykje på biblioteket som pedagogisk ressurs, og behovet for kvalifisert og tilgjengelig personale. Det er lagt opp til normer og ein opptrapningsplan for bibliotekpersonale på vidaregåande skular. Planen blei vedteken på møte i Hovudutval for opplæring i november, noko som dessverre var for seint til at tiltaka kunne innarbeidast i budsjett for 2007.

Datatenester

Fylkesbibliotekets har eigen server for datasystemet Biblio fil. Forutan fylkesbiblioteket blir mediabasane til Sogndal bibliotek (+ samarbeidspartnarar), 5 vidaregåande skular og grunnskulane i Førde drifta på fylkesbibliotekets server.

Fjognedok

Arbeidet med "Fjognedok, ein lokalhistorisk database" held fram. Dette er ein bibliografisk database (eit register) med oversyn over lokalhistoriske artiklar om Sogn og Fjordane. Lokalhistoriske tidsskrift, årbøker m.m. vert indeksert og registrert i basen som no omfattar nærare 12.000 postar. Basen er søkbar på fylkesbiblioteket sine heimesider og i ABM samsøk på Kulturnett Sogn og Fjordane. Det kan søkast på personar, tittel, kommunenamn, gardsnamn, slektsnamn m.m. På heimesida vår ligg også eit oversyn over dei skriftene som er analyserte, denne vert oppdatert etter kvart som nye skrift/årgangar kjem med.

Kurs/møte

Dagskurs om ”Utstilling i biblioteket”, Førde 28. mars. Arrangert i samarbeid med NBF Sogn og Fjordane. 19 deltakrar

Regionmøter for biblioteksjefane i Indre Sogn, Ytre Sogn/Sunnfjord og Nordfjord. Arrangert i hhv Luster, Askvoll og Stryn i april.

Fylkeskonferanse om lesing og DKS, 6.-7. september i Førde.

Arbeidsgruppa bak konferansen var Forum for leselyst, ei gruppe sett saman av representantar frå folkebibliotek, skule, biblioteka i skulane, fylkesbiblioteket, Gi rom for lesing (fylkesmannen) og DKS (fylkeskommunen). 70 deltakrar første dag, 180 på dag 2

I samband med konferansen var det også 6. september ei samling på fylkesbiblioteket for bibliotekansvarlege i vidaregåande skule. Der var det orientering, spørsmål og svar om fylkesbiblioteket sine tilbod.

Bibliotekdagane 2006. Årdal 12.-13. september

Tema: ”Biblioteket si rolle i lokalsamfunnet”. 40 deltakrar.

Presentasjon av årets barne- og ungdomsbøker

5. og 6. desember i Førde og Sogndal. Til saman 66 deltakrar.

To planlagt kurs måtte dessverre avlysast pga sjukdom hos forelesarar:

”Bruk av internett - med spesielt fokus på dei større søkemotorane og dei mange ulike tenestene deira” v/ Roar Storleer, UBiT Inforsk

”Kva er eit godt bibliotek” v/ Bente Dammen, Osterøy folkeboksamling